

IN 4/18 Interpellasjon til kommunestyret – utlånsentral som tiltak mot barnefattigdom, fra Arne Christen Drøpping, KrF

Behandling i Kommunestyret - 13.06.2018

Representanten Arne Christen Drøpping, KrF, la fram følgende interpellasjon i kommunestyret:

«Interpellasjon om utlånsentral som tiltak mot barnefattigdom.

Eg stilte eit spørsmål om dette i spørrehalvtimen i kommunestyret 13.des 2017. Da var søknadsfristen for 2018 akkurat gått ut. Ordføraren sa i sitt svar at han såg positivt på eit slikt tiltak.

Regjeringa har ei brei satsing mot barnefattigdom i Norge og har bevilga 269 mill i 2018. Det har vore ein jamn auke frå 116 mill i 2014. Barne- og likestillingsminister Linda Hofstad Helleland utaler bl.a: «Barn som vokser opp i lavinntektsfamilier skal ha muligheter for å delta på ferie- og fritidsaktiviteter på lik linje med andre.»

Ledar i Sunndal KrF, Ingunn Karijord og undeteikna var 23.mai på besøk for å sjå på utlånsentralen i Nesset kommune. Etter vår vurdering har dei over tid utvikla ein god modell for dette arbeidet med midlar mot barnefattigdom. I kommunestyret vil eg vise nokre bilete om dette.

Her kjem eit sitat frå årsmeldinga til Frivilligsentralen i Nesset:

I 2017 har vi hatt omtrent 240 utlån fra utstyrspoolen. Det er en økning på 15% i forhold til ulånet i 2016. Størst er økningen av utlån av kajaker og utstyr i båthuset. Vi holdt 5 våttkort kurs i 2017 som har vært med å bidratt til økt utlån. Det er spesielt gledelig å se at innbyggere fra hele kommunen og alle samfunnslag ser nytten av, og benytter seg av utstyrspoolen. I løpet av 2017 har vi kjøpt inn 16 par nye ski, og ellers gjort en del reparasjoner og vedlikehold på utstyret vi har. Mye av utstyret begynner å bære preg av at det er noen år, og at det har vært mye brukt.

Vi må ikkje gløyme at vi allerde har ein del utlån: Utlån av skøyter ved isbanen på Gjøra, fiskeutstyr i regi av Sunndal jeger- og fiskeforening for barn og litt ski til utlån ved enkelte skolar. Likevel meiner eg vi har mykje å vinne for dei som kjenner barnefattigdomen på kroppen om vi utviklar dette på ein meir systematisk måte. Og slik som dei praktiserer det i Nesset er utstyret for utlån til alle. Her kan nemnast friluftsutstyr som telt, kano, kajakk, sykklar, ski og elles det som etter kvart viser seg hensiktsmessig. Frå Nesset kan nemnast at dei har prøver å ha kveldsope dagen før skulane har skidag eller sykkeldag.

Dette er både utstyr og tankegang som må utviklast over tid, men vi må starte med å utvikle det. Slik som i Nesset bør frivilligsentralen vere ein plass for å utvikle ein slik utlåns plass. Vi bør bruke hausten til å drøfte oppgavene og strukturen for frilligsentralen slik at vi er klar til å søke når fristen for søknad om pengar kjem. (desember -18)

Forslag til vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen utrede drift av frivilligsentralen og muligheter til å kome i gang med ein utlånsentral. Dette bør kome i gang tidleg på hausten 2018 slik at Sunndal kommune er klar til å søke om midlar mot barnefattigdom for 2019.

Ordfører Ståle Refstie la fram følgende svar i møtet på interpellasjonen fra Arne Christen Drøpping:

**«Svar på interpellasjon fra Arne Drøpping:
Om utlåssentral som tiltak mot barnefattigdom**

I en interpellasjon foreslår Arne Drøpping fra Sunndal Kristelig Folkeparti Sunndal at kommunestyret vedtar følgende:

Kommunestyret ber administrasjonen utrede drift av frivilligsentralen og muligheter til å kome i gang med ein utlåssentral. Dette bør kome i gang tidleg på hausten 2018 slik at Sunndal kommune er klar til å søke om midlar mot barnefattigdom for 2019.

Bakgrunnen for forslaget er at regjeringas satsing mot barnefattigdom, herunder midler som kommunene kan søke på til slike tiltak, samt gode erfaringer med utlåssentraler i andre kommuner.

Jeg synes dette er et godt forslag. I Sunndal finnes flere muligheter for lån av utstyr til fritidsaktiviteter, og en del av dette har kommunen anskaffet ved bruk av midler øremerket tiltak mot barnefattigdom. Å sette utlån av utstyr til fritidsaktiviteter i system vil gi et bedre tilbud til alle barn og unge, uavhengig av foreldrenes lommebok, noe som er viktig for meg. Å legge en slikt utlån til Sunndal frivilligsentral vil dessuten styrke og utvikle frivilligsentralen. Det vil også være positivt.

Jeg støtter derfor Drøppings forslag om å be kommuneadministrasjonen forberede etablering av en utlåssentral ved frivilligsentralen, og oppfordrer kommunestyret om det samme.»

Forslaget i interpellasjonen fra Arne Christen Drøpping ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen utrede drift av frivilligsentralen og muligheter til å kome i gang med ein utlåssentral. Dette bør kome i gang tidleg på hausten 2018 slik at Sunndal kommune er klar til å søke om midlar mot barnefattigdom for 2019.

Rett utskrift 21.06.2018:

Brit Helene Resell
utvalgssekretær